


# TILDELING AV STARTLÅN OG BUSTADTILSKOT TIL ETABLERING OG TILPASSING

Lokale retningslinjer for Tysnes kommune



Vedteke i kommunestyre  
20.06.2024

# RETNINGSLINER TIL STARTLÅN OG TILSKOT TIL ETABLERING

**Startlån** er for deg som ikkje får lån i vanleg bank til kjøp av bustad, og som heller ikkje har moglegheit for å spare. **Startlån** kan også bli gitt til refinansiering av gjeld dersom du står i fare for å miste bustaden din.

**Tilskot til etablering** kan bli gitt dersom startlån åleine ikkje er tilstrekkeleg for å kjøpe eigna bustad. Dette er behovsprøvd - det vil seie at tildeling skjer på bakgrunn av ein individuell vurdering av økonomi og situasjon.

## Kven kan søkje om startlån og tilskot til bustad?

### Barnefamiliar

- Du har barn og får ikkje lån til kjøp av bustad i vanlege bankar
- Du har behov for å sikre ein trygg, god og stabil bustadsituasjon i løpet av kort tid
- Du har behov for å overta eigd bustad etter samlivsbrot

### Personar som mottar uføretrygd

- Du har låg, men stabil og sikker inntekt, og får ikkje tilstrekkeleg lån i vanlege bankar
- Du har høg nok inntekt til at du kan betene eit startlån i tillegg til andre nødvendige utgifter

### Personar som bur i kommunal bustad

- Du leiger kommunal bustad i Tysnes kommune
- Du har stabil og fast inntekt, men får ikkje tilstrekkeleg lån i vanlege bankar
- Du har høg nok inntekt til at du kan betene eit startlån i tillegg til andre nødvendige utgifter

### Personar med gjeldsproblem

- Du har gjeld med høg rente og står i fare for å miste bustaden på tvangssal
- Du klarer ikkje å betene noverande gjeld, men kan dekke utgiftene og behalde bustaden dersom låna blir refinansierte med startlån

### Andre

- Du har særlege sosiale eller helsemessige utfordringar, og manglar ein eigna bustad
- Startlån er nødvendig for å kunne halde fram i jobben

Unge i etableringsfasen er ikkje i målgruppa. Det er ein føresetnad at du utnyttar moglegheitene du har for å spare opp nødvendig eigenkapital og søker lån i vanleg bank.

## For å kunne få startlån må du:

- Bu i Tysnes kommune på søknadstidspunktet. I særskilte tilfelle kan det gjerast unntak. Du må då ha særleg tilknytning til og behov for å busetje deg i kommunen. Det kan gjerast unntak, til dømes for personar som har, eller får fast arbeidstilhøve i Tysnes og som ønskjer å busetje seg i kommunen.
- Ha fast og sikker framtidig inntekt

- Ha nok inntekt til å betene startlånet i tillegg til andre nødvendige utgifter og eventuell anna gjeld
- Ha utnytta sparepotensialet ditt. Unntak kan bli gjort for barnefamiliar med akutt behov for å sikre ein stabil og trygg bu-situasjon. For andre personar som på grunn av lav inntekt ikkje har høve til å spare, kan ein gjere unntak frå kravet om sparing.

## **Avgrensingar:**

Dersom du er under gjeldsordning, må du vente med å søkje startlån til gjeldsordninga er fullført. Dersom du har mykje gjeld, og ikkje nok inntekt til å betene gjeldsutgifter i tillegg til utgifter til startlån og andre faste utgifter, kan du ikkje få startlån. Vi oppmodar då til å prioritere nedbetaling av gjeld, og søkje startlån på eit seinare tidspunkt. Dersom du får innvilga startlån sjølv om du har anna gjeld er det ein føresetnad at anna gjeld blir betent.

- Bustaden som blir kjøpt skal godkjennast av kommunen på førehand. Som hovudregel blir det ikkje gitt startlån til bustader som krev omfattande oppussing og/eller utbetring.
- Det vert ikkje gitt startlån til bustad som er registrert som fritidsbustad.
- Det vert ikkje gitt startlån til mellomfinansiering.
- Det blir som hovudregel ikkje gitt lån til foreldre med barn som med-låntakar.
- Me har avgrensa med startlån midlar. Det betyr at dersom det ikkje er meir midlar vil du få avslag på søknaden din.

## **Prioriterte målgrupper for startlån og tilskot til etablering**

Tysnes kommune prioriterer søknadar slik:

- Barnefamiliar som har behov for ein stabil og trygg bustad
- Personar som leiger kommunal bustad.
- Personar med særlege sosiale eller helsemessige utfordringar og som har ei varig trygdeytning.
- Personar som eig bustad og har behov for å refinansiere gjeld for å kunne behalde bustaden.
- Andre som ikkje får lån i vanleg bank, og som ikkje kan spare pengar til eigenkapital.

Unge i etableringsfasen er i seg sjølv ikkje i målgruppa for startlån. Personar som har moglegheit til å spare pengar til eigenkapital er som hovudregel ikkje i målgruppa.

## **Lånevilkår**

Tysnes kommune tilbyr flytande rente og annuitetslån over ei nedbetalingstid på inntil 30 år. I særlege tilfelle kan du få fast rente og/eller nedbetalingstid på inntil 50 år. Tysnes kommune følgjer Husbanken sitt rente tilbod for flytande månadleg rente tillagt 0,25 %

# RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL TILPASSING AV BUSTAD

## Tilskot til tilpassing av bustad

Tilskot til tilpassing skal bidra til at personar med nedsett funksjonsevne, som har behov for tilpassa bustad, får gjort dei naudsynte tilpassingane. Målet med tilpassinga er at bustaden skal bli betre eigna og tilrettelagt, og at ein kan halde fram med å bli buande heime.

Tilskot til tilpassing er økonomisk behovsprøvd. Dersom ein har økonomi til å dekkje kostnader ved tilpassinga sjølv, kan ein ikkje rekne med å få tilskot til tilpassing. Det blir gjort individuelle vurderingar i kvar sak, der ein ser på husstanden sin økonomi og behov for tilpassing. I vurderinga vil ein også sjå på moglegheiter for å finansiere tilpassinga med startlån.

Ved søknad vil det bli gjort ein samla vurdering av husstandens økonomi. Tilskot vert som hovudregel innvilga til eigd bustad. Tilskot kan innvilgast til tilpassing i leigd bustad dersom husstanden har ein langvarig leigekontrakt. Tilskot kan innvilgast til leigetakarar i kommunal bustad. Utleigar må godkjenne at arbeidet vert utført, uavhengig av om bustaden er privat eller kommunalt eigd. Tilskot kan innvilgast til bygging av ny bustad dersom bustaden er av nøktern og rimeleg stand ut i frå storleik på husstanden. Som hovudregel vert tilskot til tilpassing innvilga éin gang. Det vert ikkje gitt tilskot til ordinært vedlikehald og oppussing.

## Storleik på tilskotet

Som hovudregel kan det gis tilskot på inntil kr 40 000. Dersom dei totale kostnadane er dyrare enn denne summen, kan ein vurdere å innvilge det resterande som startlån. I særlege tilfelle kan det vurderast å innvilge tilskot over kr 40 000.

Dette gjeld dersom:

- Husstanden eig bustaden
- Det kan dokumenterast at tilpassinga blir svært kostbar på grunn av husstandens særlege behov for tilpassing
- Husstanden ikkje har beteningsevne til låneopptak.

Det er ein føresetnad at tilpassinga blir forsøkt gjennomført så rimeleg som mogleg. Tilskot over kr 40 000 skal ha pant i bustaden, og vert nedskrive med 10% kvart heile år husstanden bur i bustaden. Dersom bustaden vert overdratt eller fråflytta skal resttilskot innfriast. Tilskot inntil kr 40 000 vert avskrive ved utbetaling.

## Utbetaling av tilskotet

Søkjjar kan levere faktura frå handverkar/leverandør til kommunen, som då betalar faktura direkte til handverkar/leverandør (inntil innvilga tilskotsbeløp). Alternativt kan søkjjar betale faktura sjølv og få refundert tilskotsbeløpet frå kommunen mot å framvise kvittering for betalt beløp. Tilskotet kan ikkje nyttast til å betale for arbeidspengar anna enn til mva-pliktige firma/enkeltpersonføretak.

## **Søknad**

Søk elektronisk på [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no)

### **Dokumentasjon:**

Følgjande dokumentasjon må leggest fram:

- Dokumentasjon på all inntekt i form av lønnslippar for tre siste månadar, arbeidskontrakt, ytingar frå Nav eller andre inntekter og ytingar
- Dokumentasjon på eventuell gjeld
- Dokumentasjon frå helsepersonell på helsemessige utfordringar, som stadfester og skildrar trong for tilpassing. Som regel er dette i form av ein rapport frå ergoterapeut etter besøk i aktuell bustad.
- Pristilbod på tilpassinga frå minimum to handverkarar/leverandørar.

### **Handsaming av søknaden:**

Sakshandsamingstid er inntil fire veker. Dersom vi må etterspørje dokumentasjon kan behandlingstida bli forlenga. Dersom vi av andre grunner ikkje overheld behandlingstid på fire veker vil søkjar få beskjed om dette. For meir informasjon om tilskot til tilpassing, sjå [Tilskudd fra kommunen - Husbanken](#)